

## Refarat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Dag Sverre Ekkje, Ingebjørg Nordby Seim, Helleik Rabbe, Ellen Drangevåg

Tid: 19. januar 2007 kl. 1800

Sak 01/07: Ingen merknader til innkalling og godkjenning av protokoll

Sak 02/07: **Hytte – Haukelifjell**  
Anna Margrete Utne søker om å byggja ny hytte som erstatning for eksisterande på same stad. Statskog ber om uttale.  
Røldal fjellstyre har følgjande merknadar til vedlagde teikningar; savner målsetting av teikning og kva for taktekking som er tenkt.

Sak 03/07: **Uttale til villsvinthalde i Ulvabotn**

Magnus las søknaden.  
Gjerdehald må fylja gjeldande forskrifter og godkjennast av landbruksmynde.  
Elles har fjellstyret ingen merknader.

Sak 04/07: **Diverse skriv og meldingar**

Orientering frå Odda kommune om hyttetomter ved Hellevatnet  
Orientering frå Statskog om avslag om naust i Hellevatnet  
Orientering frå HF a/s om utlysing av nye stillingar. Ein stilling primært lagt til Odda kommune. Styret i HF ønskjer at ein rep. frå Røldal fjellstyre skal vera med på tilsetjinga.  
HF a/s: Rapport om status for Røldal fjellstyre – brukte timer  
iNatur: tilbod om elektronisk søknad på jaktkort

Sak 05/07: **Rep. i tilsetjingssak**

Magnus representerar Røldal fjellstyre i tilsetjingsak.

Sak 06/07: Saker som kom opp på det opne møtet 6. januar 2007 kjem opp på neste møte.

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Når: 17. april 2007 kl. 20 – 22

Kor: Røldal grennahus

Kven: Magnus Solbakken, Ingebjørg Nordby Seim, Ellen Drangevåg,  
Dag Sverre Ekkje, Helleik Rabbe

### Sak 07/07: Godkjenning av protokoll

### Sak 08/07: Saker frå det opne møte 05.01.07

-Samjaksavtale med Vinje: Det blir svært få fellingsløyve denne hausten. Ein slik avtale fordrar at Vinje overtar nokre fellingsløyve frå Røldal, noko som ikkje er ønskjeleg, då det ikkje er nok fellingsløyve for innanbygdsbuande jegerar.

-Samjaksavtale med innanbygdsbuande grunneigarar, utsetjast - -  
Kortfordeling mellom sør og nord for E134, blir som før – pga. lite kort, korta bør fordelast på så mange jegerar som råd.

-Betaling på fjellstyrehyttene, me ønskjer ikkje å krevja betaling då me treng dugnadshjelp til hyttevøling, oppfisking og at me ønskjer ungdommeleg rekruttering til framtidas jakt.

- Maskevidde i Hellevatnet; 20 omfar, Urdavatnet; fri maskevidde
- Utfisking av Urdavatnet; samarbeid mellom fjelloppsyn og røldølingar
- Telting under jakta, informasjon på førehand og hyttereglar
- Sau i Hellevatnet, saken er tatt opp med beitelaget som har tatt affære
- Småviltjakta blir som før, jaktstart 20. september

### Sak 09/07: Søknad om oppsetting av sikringsbu i Middyr

Søknad frå utanbygdsbuande om bygging av erstatningsbygg i Middyr.  
Det kan me ikkje støtta, då det ikkje er ønskjeleg med fleire hytter i  
jaktterrenget. Dessutan er det lett tilkomst til Middyr, med veg.

### Sak 10/07: Lotteri – Røldalsmarknaden

Det blir ikkje reinkort i år pga. kvotestorleik, men anna høveleg gevinst blir gjeven etter ønskje frå marknaden.

### Sak 11/07: Omlegging av sti ved Glupen

DNT legger om stien i samarbeid med Ellen Drangevåg.

### Sak 12/07: Hellevatnet – gamlebua

Det må ny omn til neste år

### Sak 13/07: Informasjon

Vårmøte i Kinsarvik; internettseite – infoside for Røldal fjellstyret med link til vår iNaturside, dersom det er mogeleg.

Generell info om kvoteforslag osv.

Møteprotokoll – Eidfjord fjellstyre

Rauland fjellstyre– årsmelding og referat frå årsmøte

Valldalen – vegopprusting og omlegging verkar interessant

## Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Når: 8. juni 2007 kl. 1800 – 2000

Kor: Matrommet på E-verket

Kven: Magnus Solbakken, Ingebjørg Nordby Seim, Håkon Sandal,  
Dag Sverre Ekkje, Randi Legård

Sak 14/07: Godkjenning av protokoll frå forrige møte.

Ingen merknader – godkjend

Sak 15/07: Godkjenning av rekneskap 2006

Regnskapet er delt ut. Magnus orienterer vedr. saksgang.

Regnskapet blei gjennomgått post for post, resultat: 17.920,-

Årsmelding 2006 blei delt ut og revisjonsmelding blei lest opp

Regnskapet er einstemmig godkjend

Sak 16/07: Høring vedr. omlegging av villreinnemder

Forslag om rasjonalisering av villreinnemder frå 23 til 8, kvar nemd er foreslått å ha 5-11 medlem som DN peikar ut. Forslaget legg sekrataren for nemda til eit av fylkesmannskontora.

Vedtak: Røldal fjellstyre går imot forslaget. Me ynskjer ei nemd for Hardangervidda med ein representant + vara frå kvar kommune som kommunen sjølv peikar ut. HV villreinområde bør ikkje verta større, dei små terrenget kan kanskje samarbeide i ein eigen eining.

Nemda bør ha frittståande sekretær som ikkje er knytt opp mot nokon fylkesmann.

Einstemmig godkjend

Sak 17/07: Røldalsmarknaden

Røldal fjellstyre har stand saman med SNO der det er høve til å søkja om fellingsløyve for villrein + div. info. og PP-biletserie med meir.

Mannskap: fredag – sette opp teltet

lørdag – Helleik, Ellen, Ingebjørg

søndag – Dag Sverre, Håkon, Magnus

Ingebjørg kjøper inn det som trengs til kaffe og lappar

Sak 18/07: Søknad om samjakt

HA 290 søker om samjakt med Røldal statsallmenning, Dag Sverre seier seg ugild i saka og forlet møtet.

Vedtak: Fjellstyret går inn for samjakt med HA 290 for 2007, forutsetjing er at jegarane får nytt vegen til Middalen. Vedtatt einstemmig

Sak 19/07: Diverse skriv og meldingar

Innkalling til møte på Geilo – revidering av forvatningsplanen på Hardangervidda

Innkalling – møte i SfH, 14. juni 2007, Magnus møter

Økonomisk samarbeid med Sølvkroken - forespørsel

Årsmelding frå Ulvik fjellstyre og møtereferat

Villreinnemda: totalkvote 1800 dyr

Årsrapport frå Fjelloppsynet på Hardangervidda

Årsmelding frå Rauland fjellstyre + møtebok

## Refarat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Dag Sverre Ekkje, Ingebjørg Nordby Seim, Randi Legård, Ellen Drangevåg

Fravær: Helleik Rabbe

Tid: 23.oktober 2007 kl. 1800 - 2100

Sak 20/07: Ingen merknader til innkalling og godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 21/07: **Søknad om overdragelse av hytte ved Nupstjørn**

Tor Nilsson søker om å få oppretta festekontrakt for hytta ved Nupstjørn som er søkt overdrengen frå Forsvarets Bygningstjeneste. Statskog ber om uttale i saka. Magnus tar kontakt med Kjell Inge Skjervevegen for nærmere avklaring. Saken blir handsama i neste møte.

Sak 22/07: **Søknad om påbygg – skyttarhytta på Haukeli**

Hardanger og Voss Skyttarsamlag søker om eit enkelt påbygg til skyttarhytta på Haukeli for lager i samband med feltskyting. Fjellstyret har tidlegare forlangt eit frittståande lager fjerna pga dårleg forfatning. Fjellstyret går einstemmig inn for påbygg som oversendast Statskog for godkjenning.

Sak 23/07: **Informasjon vedr. jakta 2007**

Fellingsresultat 56,74 % : 22 bukk

4 kalv

16 simle/ungdyr

Lite folk i fjellet, roleg jakt – innlevering av kort går tregt. Hyttene er stengt, ved og gass er ettersett. Båtene ligg på plass.

Sak 24/07: **Andre saker**

1. Forespurnad om uttak av stein til bauta – Sullamrei historielag, ein stein ovanfrå Ulvabotn. Einstemmig vedtak for uttak. Skånsomt uttak.
2. Gapahuk – overnattingstilbod for pilegrimar. Fjellstyret går inn for søknaden av historiske og kulturelle grunnar. Plasseringa bør vera usynleg frå veggen. Fjellstyret ønskjer å vera med å fastsetja plassering.
3. Haukelirennet – idrettslaget ”Rein” søker om løyve til skitrase frå Midtlæger til Vågslid. Fjellstyret er usikker på kor mykje motorisert ferdsel rennet krev, villreinen er fåtallig i området. Fjellstyret er positiv til søknaden, men ønskjer ei nærmare utgreiing om omfanget av motorisert ferdsel.

Ingebjørg svarar Statskog i sak 2. og 3. og Sullamrei i sak 1.

Sak 25/07: **Diverse skriv og meldingar**

Invitasjon til konferanse – allemannsretten, Oslo 26.–27. 11. 07

Forslag til nye forskrifter om motorisert ferdsel – innspel frå SfH

**Forskrift – villreinnemder, Hardangervidda – Skaulen/Etnefjell og  
Oksenhalvøya, er no under same villreinnemd.**

**Møtebok – SfH**

**Tildeling på sydsida av E134, Magnus refererte diskusjon på grunnlag av  
areal**

**Tomter tildelt i Hellevass – orientering**

**HF – informasjon om omfang av arbeid og refusjon**

## Refarat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Dag Sverre Ekkje, Ingebjørg Nordby Seim, Randi Legård, Ellen Drangevåg

Fravær: Helleik Rabbe

Tid: 13.november 2007 kl. 2000 - 2130

Sak 26/07: Ingen merknader til innkalling og godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 27/07: **Søknad om overdragelse av hytte ved Nupstjørn**

Tor Nilsson søker om å få oppretta festekontrakt for hytta ved Nupstjørn som er søkt overdregen frå Forsvarets Bygningstjeneste. Statskog ber om uttale i saka.

Røldal fjellstyre ønskjer på sikt å overta hytta pga. rekrutteringsarbeidet til jakt og fiske ( veg i nærleiken) med følgjande forslag:

- Nilsson får disponera hytta på si levetid, deretter overtek fjellstyret hytta vederlagsfritt

Sak 28/07: **Informasjon om haustmøtet 16. – 17. november 2007**

Fjellstya og andre samarbeidsorgan samlast for oppsummering av jakt og arbeid dette året. Forvalting av Hardangervidda generelt og villreinen spesielt blir sentrale punkt.

Samarbeidorganet for Hardangervidda har møte fredag. Magnus og Ingebjørg møter. Magnus gjennomgjekk saklista, sakene blei diskutert.